

ARBEIDSGRUPPE BRUKARINVOLVERING

versjon 1, 11.2014

Rapport til samhandlingsutvalet

Bakgrunn

Som eit tiltak i arbeidet for reell brukarmedverknad sette samhandlingsutvalet 06.03.14 ned ei arbeidsgruppe som skulle utarbeide forslag til strategi som sikrar reell brukarmedverknad i arbeid i regi av FOUSAM.

Arbeidsgruppa sine forslag er basert på at FOUSAM kan vera ein plogspiss i arbeidet for brukarmedverknad. Helseføretak og kommunar er pålagt å sjå til at den einskilde pasient og brukar kan medverke, og skal legge til rette for medverknad på systemnivå gjennom representantar for dei som mottek tenester (mellom anna i pasient- og brukerrettighetsloven kap 3). Ved at FOUSAM har spesielt fokus på dette kan retningslinjer og system som sikrar reell medverknad overførast til kommune og føretak. Men FOUSAM kan også vera med på å (vidare-) utvikle ein demokratisk kultur som kan prege alle som er involvert i prosjekt under FOUSAM eller deltek på samlingar i regi av FOUSAM.

Det er eit uttalt mål i folkehelsearbeid å samarbeide med frivillige lag og organisasjonar. Dette samarbeidet er ein føresetnad for å oppnå gode og fleksible løysingar for bærekraftige helse og omsorgstenester. FOUSAM vil bidra til å styrka dette samarbeidet mellom anna ved å legge til rette for erfaringsutveksling og integrering av erfaringskunnskap.

Formål

FOUSAM vil legge til rette for at erfaringskunnskap skal inkluderast i arbeidet med å bygge opp, vidareutvikle prosjekt og tenestetilbod.

Målet er å skapa eit godt samarbeid mellom brukarmedverkerar og tenesteapparatet basert på:

- Reell medverknad
- Betre kvalitetssikring av tenestene
- Gjensidig respekt
- Likeverdig kommunikasjon
- Styrking av tenesteapparatet sin forståing av reell brukarmedverknad frå eit brukarperspektiv

Aktuelt

Arbeidsgruppa starta arbeidet 1. april 2014, har hatt 6 møter og vore leia av Kristin Ådnøy Eriksen. Arbeidsgruppa har vore breidt samansett med representantar frå alle tre partane via FOUSAM-medarbeidarar, LMS-team og brukarrepresentantar.

Medlemmar av arbeidsgruppa: Tove Vikanes Agdestein, Sigrid Bøthun, Gerd Lise Dalen, Christense Eileraas Ek, Sølvi Heimestøl, Bengt Sundfør, Kristin Ådnøy Eriksen.

Arbeidsgruppa har utarbeida eit forslag til system for brukarmedverknad i samhandlingsfeltet der målet er å sikre reell brukarmedverknad. Forslaget forankrar arbeidet i FOUSAM og LMS-teamet med ansvar for både opplæring, oppfølging og ivaretaking av brukarrepresentantane. Skissert forslag inneheld organisering, administrering, retningslinjer og rutinar for honorering.

Arbeidsgruppa har også drøfta ein del prinsipielle spørsmål som kan intergerast i «kulturen» i FOUSAM:

1. Alle prosjekt bør grunngje kvifor ein vel å ikkje involvere brukarar (heller enn motsett).
2. Brukarar må involverast i alle delar av ein prosess (ikkje komme inn når det meste er avgjort).
3. Fagfolk må lærast opp og vera klare for reell brukarmedverknad.
4. Brukarmedverknad er med på å heve kvalitet og relevans på prosjekt.
5. Det kan vera lurt å definere kva «nivå» av medverknad som er aktuelt i ulike grupper og prosjekt.

Konkrete forslag frå arbeidsgruppa

A Tilsette erfarings/brukarmedarbeidar

Lyse ut stilling tilsvarande 20%.

Kompetansekrav: erfaringskunnskap, fag, prosjekterfaring

Opplæring vert gitt i FOUSAM

Leiar: leiar av FOUSAM

Ansvarsområde/oppgåver

- Ha oversikt over brukarrepresentantar: deltaking i FOUSAM, kompetanse og erfaring
- Vere kontaktperson for brukarrepresentantar i FOUSAM sitt arbeid
- Ivareta kontraktar og honorering
- Gjennomgang av prosjektsøknadar
- Vurdere behov for og grad av brukarmedverknad saman med prosjektleiar, leiar av arbeidsgrupper/faglege nettverk og kontaktperson i FOUSAM
- Ressurs inn i arbeidsgrupper
- Delta på FOUSAM-møter

B Satsar for brukarmedverknad på tenestenivå og systemnivå

Brukarmedverknad er basert på skriftleg avtale mellom brukarrepresentant og FOUSAM og vert honorert etter følgjande satsar:

- Til og med fire timar kr 750
- Over fire timar kr 1.500
- Telefonmøte kr 300
- Gave ved likemannsoppdrag, gavekort kr 300
- Tapt arbeidsforteneste inn til kr 1.500 ved dokumentert trekk
- Reise/diett etter statens regulativ

Medverknad kan vera erfaringsinnlegg eller deltaking i arbeidsgruppemøter, prosjektutvikling og forskning, LMS-tilbod eller anna.

C System for oppfølging og ivaretaking

Startsamtale og oppfølging under vegs

- Ansvar: prosjektleiar, leiar for arbeidsgruppe/fagleg nettverk i samarbeid med brukarmedarbeidar
- Startsamtale om oppdraget med avklaring av forventningar, forventa tidsbruk, kven ein skal samarbeide med, kva ansvar ein får og godtgjering (utarbeide mal for dette).
- Brosjyre om brukarmedverknad i FOUSAM

Kurs for nye brukarrepresentantar

- Ansvar: LMS-team i samarbeid med brukarmedarbeidar
- Samarbeid med ansvarlige for brukarrepresentantar i BU, BR, Helse Fonna og kommunar.
- Fokus på samhandlingsstruktur og brukarmedverknad

Helsepedagogikk for brukarrepresentantar

- Ansvar: LMS-team i samarbeid med brukarmedarbeidar
- Tre-timars kurs med fokus på formidling og arbeidsmetode.

Årleg samling

- Ansvar: LMS-team i samarbeid med brukarmedarbeidar
- Fokus: nytt frå samhandlingsfeltet og FOUSAM, erfaringsutveksling, kompetanseheving, innmeldte tema.
- Nytte LMS-nettverk for å sikre områdeforankring
- Samarbeid med ansvarlige for brukarrepresentantar, erfaringsformidlarar, brukarutval, brukarråd i Helse Fonna og kommunar.

Anna

Delta på Helsepedagogikkurs, prosjektleiarsamling, fagdagar og konferansar etter behov.


D Samarbeid om rekruttering og oversikt over aktuelle brukarrepresentantar

FOUSAM vurderer kva brukarorganisasjonar det er aktuelt å samarbeide med i ulike prosjekt. Det skal vera samarbeid med brukarutval og brukarråd i kommunane med tanke på rekruttering til deltaking i FOUSAM sitt arbeid. FOUSAM har oversikt over brukarar som kan delta i arbeidsgrupper/prosjekt og kan rådgje prosjektkandidatar og andre på korleis involvere brukarar.


Vedlegg

1. Oversikt på brukarmedverknad i FOUSAM per i dag
2. Forslag til framtidig organisering av brukarmedverknad
3. Oversikt over aktuelle omgrep

Vedlegg 1) Brukarmedverknad i FOUSAM i dag



Vedlegg 2) Forslag til framtidig brukarmedverknad i FOUSAM



Vedlegg 3) Aktuelle omgrep

Brukarmedverknad på individnivå. Påverke det som gjeld ein sjølv, eiga sak/behandling.

Brukarmedverknad på tenestenivå. Brukarar og representantar for brukarar går inn i likeverdig samarbeid med tenesteapparatet og deltek aktivt i utarbeiding av behandlingstilbod og tenester.

Brukarmedverknad på systemnivå. Påverknad retta mot dei som er sett til å ta avgjerder om tilbod og tenester. Tilføre erfaringskompetanse for å styrke tenestene og for å gjera tilbodet relevant.

Brukarmedverknad på politisk nivå. Brukarorganisasjonane deltek i politiske prosessar, deltek i høyringar og kan sjølv sette saker på dagsorden.

(Basert på Kreftforeningen: Veileder i brukarmedverknad.)

Grad av brukarmedverknad kan inndelast slik: Konsultera brukarar, involvera med fokus på maktdeling eller brukarstyrt.

Representasjon. Både «demokratisk representativitet» (representanten er vald gjennom sin organisasjon og har «mandat» på vegne av organisasjonen) og «menings-representativitet» (representanten skal vera «lik» den han eller ho representerer, eigenerfaring som grunnlag for generaliserbare erfaringar) kan nyttast i FOUSAM. Det skal likevel vera opne prosessar ved at BU og BR blir involvert og orientert i rekrutteringsfasen.

Likemannsarbeid. Samhandling mellom personer som opplever å være i samme livssituasjon, og hvor selve samhandlingen har som mål å være en hjelp, støtte eller veiledning partene i mellom. (Hentet fra «Handlingsplan for funksjonhemmede 1998-2002»)

FoU-enhet for samhandling

ved Høgskolen Stord/ Hagesund

Bjørnsonsgate 39

5528 Hagesund

Telefon: 48 24 68 11

E-post: info@fousam.no

www.fousam.no